

HAUGLAND SKOG VEGLAG SA  
c/o Arne S. Haugland  
5937 BØVÅGEN

---

<b>Dato</b>	19.01.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/80216-12
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Løyve til bygging av avkøyrslø - fv. 5484 Radøyvegen - gnr. 425 bnr. 11 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 11.12.2022. Vi viser også til korrespondanse i saka.

### Saka gjeld

Det er søkt om utvida bruk av ei eksisterande avkøyrslø for skogsbilveg.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5484 Radøyvegen til eigedomane gnr. 425 bnr. 1, 2, 4, 5/18, 6, 7, 8, 9/13/17, 10, 11, 12, 14, 16/74 og 115 i Alver kommune.

**Du kan ikkje ta avkøyrsla i bruk før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.**

Når avkøyrsla er ferdig bygd skal det vedlagde skjemaet Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø underskrivast og sendast i retur til Vestland fylkeskommune. Vi vil så vurdere om vilkår er oppfylt for å gje løyve til bruk av avkøyrslø.

### Vilkår for løyvet

- Løyvet gjeld utvida bruk av avkøyrslø for skogsbilveg.
- Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 23.06.2019.
- Avkøyrslø skal utformast i tråd med vedlagd prinsippskisse. Krava er mellom anna:
  - Siktkrav er 4 x 100 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
  - Svingradius skal vere 9m. Svingradius skal avgrensast tydeleg mot sideterrenget med betongkant, grøft eller anna avvisande kant.
  - Avkøyrslø skal ha fall på 5 cm dei to første metrane ut frå fylkesveg. Deretter maks. 3 % stigning dei neste 30 meter.
- Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
- Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*.

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisksiktsone og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
8. Kommunen kan/skal ikkje gje løyve til igangsetting/bygging før avkøyrsla er endeleg godkjent. Dette gjeld den nye delen av skogsbilvegen som er søkt om til Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)* jf. Rammeplan 2021-2024.

Vi er positive til at det er sendt inn søknad og at avkøyrsla vert utbetra. Ved at avkøyrsla får ei tydelegare avgrensing enn slik den ligg i dag hindrar ein blant anna at det kan lagrast tømmer i siktssona.

Vi vil og minne om at bruksklassen for fylkesveg 5484 er Bk10 – 50 tonn og maks vogntoglengde er 19,5 meter.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Linda Beate Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 situasjonsplan\_Vegtrase\_del\_1.pdf
- 2 Prinsippskisse - fv. 5485 - gnr 425 bnr 1 - Alver kommune

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

*Vedlegg: melding om opparbeidd avkøyrsl*

Vestland fylkeskommune sitt saksnummer: 2022/80216

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl

Eg/vi melder om at avkøyrsl frå fylkesveg 5484 S2D1 m1761 gnr 425 bnr 1 m.fl. er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 19.01.2023..

.....

Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....

Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN